



Hans Reidar Kjærland ved hovudinntaket i Eikeelva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Omvikdalen meldar no om vasskrise, men situasjonen er førebels under kontroll i Uskedalen.sjølv om det er ein hårfin balanse.**

Omvikdalen vassverk har gått ut med oppmoding til abonnentane om å spara på vatnet etterat vassmengda i inntaksmagasinet deira har gått drastisk ned. Deira inntak ligg i Tveiteelva.

Styreleiar Hans Reidar Kjærland i vårt vassverk opplyser til uskedalen.no at dei også slit med vassforsyninga også her men at dei såvidt held balansen med eit forbruk på 10 liter pr. sekund, ettersom det samsvarar med den vassmengda dei hentar inn frå Eikeelva.

Men Kjærland konstaterar det dette ikkje hadde gått utan ein svært positiv haldning frå den klårt største 'kunden', som er Hjørnevåg. Gjennom det han kallar 'ei felles forståing' har bedrifta redusert vassforbruket sitt kraftig, faktisk til det halve, antar Kjærland.

Forbruket ellers er ikkje redusert noko særleg sjølv om vassverkleiinga også her i bygda har gått ut med fleire oppmodingar om å sjekke mogelege lekkasjar. Kjærland viser her til erfaringar frå Bergen, der det er registrert ein auke i vassforbruket med 25-30 prosent i den kalde perioden som vi no har bak oss. Folk brukar altså mykje meir vatn når det er kaldt.

- Så vassverket må ikkje ty til reserveinntaket?

- Førebels har det ikkje vore naudsynt å kopla inn det siste reserveinntaket som ligg litt nedanfor bassenget vårt og eg håpar at det heller ikkje blir det før vårtilsiget kjem, seier Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen